



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 09.10.2013

Vår ref.: 2013/8030

Arkivnr.: 008

Arbeidsdepartementet
Postboks 8019 Dep
0030 OSLO

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Høring - Utkast til endring i forskrift om sosiale tenester til personer utan fast bustad i Noreg

Fylkesmannen viser til høyringsbrev datert 22.07.13.

Arbeidsdepartementet har vurdert to alternative forslag til endringar/justeringar av regelverket.

Alternativ 1 inneber at ein opphevar § 4 andre ledd i forskrifta, slik at personar som oppheld seg ulovleg i landet ikkje vil ha rett til tenester etter sosialtenestelova eller forskrifter gitt i medhald av denne lova. Dei vil likevel ha rett til naudhjelp ut frå ulovfesta rett.

Viss ein vel denne løysinga vil det vere uklart kor langt hjelpeplikta går, og dette kan føre til ulik praksis i kommunane. Nokre kommunar kan komme til å føre ein streng praksis og avslå søknader om naudhjelp. Andre kommunar vil innvilge naudhjelp over lengre tid, fordi det ikkje er sett ei grense for kor lenge ein har rett på naudhjelp. Ein risikerer at personar som har behov for naudhjelp/mellombels bustad inntil dei kan komme ut av landet, ikkje får hjelp, og at ein bryt internasjonale konvensjonar.

Departementet uttalar at staten må gi rettleiing til kommunane om kor langt hjelpeplikta går viss ein vel dette alternativet. Ei slik rettleiing vil ikkje vere bindande for kommunane.

Fylkesmannen meiner at dette alternativet er ei dårleg løysing.

Alternativ 2 går ut på at ein endrar § 4 andre ledd i forskrifta, slik at det går tydeleg fram at Nav-kontoret berre har plikt til å gi hjelp i ein kort periode, og at ein stiller krav om aktivitet med sikte på rask utreise.

I gjeldande forskrift og i forslaget alternativ 2 står det at «hjelp gis inntil vedkommende i praksis kunne forlatt landet». Fylkesmannen meiner at dette er ein klar regel, og at dette i praksis inneber at ein berre får hjelp i ein kort periode. Fylkesmannen har likevel ikkje noko imot at ein i forskrifta presiserer at det skal gis hjelp «i en kort periode».

Fylkesmannen meiner at ein ikkje må fastsetje at ein får hjelp for eit eksakt tidspunkt (tal på dagar), fordi det vil variere kor lang tid det vil ta før ein i praksis kan reise ut av landet.

Fylkesmannen er vidare av den oppfatning at det ikkje er naudsynt å fastsetje ei aktivitetsplikt, for eksempel ved at det blir stilt krav om at vedkommande må skaffe naudsynte reisedokument, for å kunne gi avslag på ein eventuell ny søknad om hjelp. Fylkesmannen meiner at kommunen uansett kan avslå ein ny søknad om hjelp dersom vedkommande søker om hjelp på eit tidspunkt der vedkommande kunne ha forlate landet. På den anna side, kan det bli tydelegare for søkjarane at dei ikkje har krav på vidare hjelp, dersom dei ikkje gjer sitt for å komme ut av landet, og dette taler for at kommunane stiller krav om aktivitetsplikt.

Fylkesmannen støtter forslaget i alternativ 2.

Departementet har bedt om synspunkt på om alternativ 1 vil medføre færre søknader. Fylkesmannen har ikkje grunnlag for å uttale seg om dette spørsmålet, men meiner at det avgjerande må vere å få ein regel som er tydeleg og som i tilstrekkeleg grad tek vare på rettstryggleiken til brukarane, samstundes som ein ikkje bidrar til at personar utan lovleg opphald blir buande i landet lenger enn naudsynt.

Med helsing

På Iden
avdelingsdirektør

Torunn Salte
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Torunn Salte
Saksbehandlar telefon: 51 56 88 73
E-post: fmrotsa@fylkesmannen.no

Kopi til:
Alle fylkesmannsembeta